

LANGEDALEN

Høgdemeter over havet: 660 meter

Lengde: 1,3 km

Tid: c 30 min- 1 time frå «høgda»- Krokavassvegen parkering.

Gradering: Lett tur

Vegskildring: Frå Kjerlandskrysset i Granvin ta av på Åsingavegen (lokalveg) over Kollanesbrua ved Tueteigen barnehage. Langs Åsingavegen er det skilta til Olastøl, følg skilta fram til Havås. Frå Havås køyrer du Krokavassvegen, ca. 4 km fram til demningen ved Krokavatnet. Ved demningen startar turstien til Langedalen.

Fyrste del av turstien går på grusveg fram til Nyestølen. Her skal du følgje raudmerka løype og gå av grusvegen. Siste del av stien går igjen på ein slags veg før du til slutt går siste stykket på sti i skogen. No ser du sjølve Langedalen som ligg flott til nede ved Krokavatnet.

Turtips: Gå vidare opp til Horgastølen, raudmerka løype ca. 1 time.

GOD TUR!

Granvin turlag!